

Kva:	Møte nr. 09 i Langrennskomiteen, 2023-2025
Tidspunkt:	Tysdag 15. oktober 2024, kl. 19:30-21:45
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<i>REFERATSAKER</i> <i>SAK 57 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 58 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 07 23-25 i LK</i> <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 59 23-25 Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024</i> <i>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 60 23-25 Terminlista 2024/2025</i> <i>SAK 61 23-25 Krinslaga i langrenn 2024/2025</i> <i>SAK 62 23-25 Saker til haustmøte 27. oktober 2024</i> <i>SAK 63 23-25 Nasjonale renn og meisterskap 2024/2025</i> <i>EVENTUELT</i> <i>SAK 64 23-25 Haustmøte NSF langrenn</i>
Til stades:	Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Torstein Bolstad Blikra, Reidun Smørdal Hjelle, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Eline Orheim
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 57 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 58 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 08 23-25 i langrennskomiteen

Bakgrunn

Protokoll nr. 08 23-25 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 08 23-25.



RAPPORTERINGSSAKER

SAK 59 23-25 **Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024**

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024 er lagt ved som eige vedlegg.
Adm. sjef legg fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal;

Driftsinntekter LK: kr. 798 695,-

Driftskostnadar LK: kr. -707 866,-

Resultat: kr. 90 829

Eigenkapital i LK pr. 31.12.2023: kr. 435 250,-

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 60 23-25 **Terminlista 2024/2025**

Bakgrunn

Utkast til terminlista 2024/2025 er sendt tidlegare.

Innspel frå klubbar:

1. Hei

Kan ikkje sjå at terminliste for langrenn er lagt ut noko plass endå (?)
I samband med at vi skal ha eit terminlistemøte i skiskyting ikveld hadde det vore greitt å unngå kollisjonar med f.eks Ullsrennet. Slik vi ser det er den beste helga for oss å ha Ullsrennet den første helga på nyåret (4.-5.1). Viss de samtidig er litt «taktiske» så burde de langt KM skøyting inn i det rennet (veit det er viktig at langrenn får rapportert mest mulig deltakarar på KM). Den «KM-helga» i slutten av januar veit eg mange skiskyttarar er vekke (Kvalfoss-sprinten) mens den første i januar kan det vere mulig å få med ein god del eldre junior og senior som oppheld seg utanfor fylket elles. Dette gjeld både langrennsløparar og skiskyttarar.
PS. De kan ha fått dette innspelet tidlegare, men no får de det på nytt 😊

Mvh

Nils Heggdal

Markane IL

2. Hei!

Vi hadde møte i arrangementsnemnda i går, og har per no følgande innspel/ønske til kretsrenn komande sesong (ut frå det du ba oss om å ta opp i møtet):



- SSF-cup laurdag + sprintstafett søndag. Her snakka vi om å legge til ein "open dag" etter det tradisjonelle rennet er over på laurdag, med fleire aktivitetar i anlegget: skicrossløype, fartsmåling, hopp, kanskje skiskyting om noko er klart der. Grilling og kiosk. Vi har såvidt snakka om sosialt opplegg på kveld òg - men her må vi få vite litt meir om Skikrinsen bidreg økonomisk m.m. Ser føre oss at sprintstafett kan passe godt på søndagen.

- Vi drøfta helga 4-5 januar til opplegg over.

- Sonerenn i mars som før. Førde IL står for sine renn for øvrig - så dette er kun felles renn.

- Tok utg.pkt i [TERMINLISTENS HOVEDPUNKTER](#)

[\(skiforbundet.no\)](#) - ser at det står KM-helg 25-26 januar der. Skal det vere anleis i S & Fj (ref datoar du spelte inn til terminlistemøte?).

Miljøsamling: søndag 15. september

Rulleskirenn:

- tysdag 27. august

- laurdag 14. september

- i samband med Enivest skiskule

Mvh Bodil

VEDTAK

Langrennskomiteen drøfta terminlista i møtet og gjer vedtak om å sende den til klubbane og be om tilbakemeldingar i framkant av Haustmøtet.

SAK 61 23-25

Krinslaga i langrenn 2024/2025

Bakgrunn

Krinslaga i langrenn 2024-2025 består av totalt 15 utøvarar.

8 utøvarar er knytt til det ordinære krinslaget, der 2 utøvarar har «vinterpakke».

Impulslaget (f. 2009 og 2010) består av 7 utøvarar.

Trenarar 2024-2025

Simen Bækken og Roger Pollen

Krinslagskontingent 2024-2025

- Impulslag (f. 2009-2010): kr. 4 000,-
- Junior (2005-2008): kr. 13 000,-
- Senior (2004-): kr. 15 000,-



Vidare blir krinslagskontingent bestemt etter trappemodell ut i frå tal deltakarar pr. klubb:

Junior	1-5 utøvarar	6-10 utøvarar	11-15 utøvarar
Kontingent	Kr. 13 000	Kr. 10 500	Kr. 9 500

For utøvarar som ikkje ønskjer å delta på samlingsopplegget, men som har planar om å delta på nasjonale arrangement komande vinter kan ein ta del i skikrinsen sitt fellesopplegg vinterstid ved å «kjøpte» ein «vinterpakke»:

- «vinterpakke» junior/senior, kr. 6 500,- (inkl. krinslagsklede)

Ved å gjere seg nytte av denne «pakken» vil ein få eit tilsettelt opplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap knytt til smøring av ski og logistikk.

Samlingsplan 2024-2025

Fokus	Stad	Dato	sr./ jr.	im.
Ski	Sognefjellet/Skjolden	6.-9. juni	X	
Barmark	Vik	29.juni-2. juli	X	
Barmark	Markane	15.-18. aug.	X	X
Barmark	Hemsedal	5.-8. sept.	X	
Barmark	Voss	26.-29. sept.	X	X
Barmark	Førde	9.-13. okt.	X	
Ski	Beitostølen	13.-17. nov.	X	X
FIS-renn	Gålå	29. nov-1. des	X	
Ski	Sogndal	13.-15. des	X	X

I tillegg vert det lagt opp til enkeltøkter på Fjordium, Sandane.

Samlinga i Markane vert gjennomført saman med Møre og Romsdal skikrets.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 62 23-25

Saker til haustmøte 27. oktober 2024

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at haustmøte skal gjennomførast i samband med Idrettens møteplass, søndag 27. oktober 2024 i Førde.

Rammeprogram:

Kl. 09:30-10:00: Registrering

Kl. 10:00-12:00: Felles foredrag



- Kl. 12:00-13:00: Lunsj
Kl. 13:00-13:45: Skikrinsen sitt haustmøte, fellesdel
Kl. 13:45-16:00: Skikrinsen sitt haustmøte
- Fagmøte alpint
 - Fagmøte langrenn

På langrennskomiteen sitt haustmøte i 2023 hadde ein følgjande sakliste:

Informasjonsaker: (sendt ut på førehand)

- Krinslaget 2023-2024
- Nasjonale renn 2023-2024
- Team Elon Vest og Team SørVest 2023-2024
- Økonomi/ marknad
- Orientering frå haustmøte NSF langrenn

Diskusjonssaker:

- Rekruttering
 - o Breiddesamlingar 2024
 - o Kommunikasjon
- Arrangement
- Terminliste 2023/2024
- Nasjonale renn 2023/2024

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste:

Informasjonssaker:

- Krinslaget 2024-2025
- Nasjonale renn 2024-2025
- Team Elon Vest og Team SørVest 2024-2025
- Økonomi/ marknad
- Orientering frå haustmøte NSF langrenn

Diskusjonssaker:

- Rekruttering
 - o Lokale arrangement i samband med VM
- Terminlista 2024/2025

SAK 63 23-25

Nasjonale renn og meisterskap 2024/2025

Bakgrunn

Oversikt over nasjonale renn og meisterskap 2024/2025 finn ein på nettsidene til Skiforbundet.no:

<https://www.skiforbundet.no/langrenn/skirenn/equinor-norgescup/>



For øvrig vil NSF langrenn reservere overnatting/ innkvartering for samtlige kretsar i samband med følgjande arrangement:

- NorgesCup jr. Molde
- NorgesCup jr. Vind
- Hovudlandsrennet Oslo
- NM jr. Lygna
- NorgesCup jr./ NM Hovden

Innkvartering frå NSF blir gjort med fordelingsnøkkel 1/3 (1 støtteapparat per 3. løpar)

I det vidare arbeidet med nasjonale renn og meisterskap skal komiteen avklare kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande opplegg:

NorgesCup senior:

- Team SørVest administrera eige opplegg

NorgesCup junior:

- Adm. følgjer opp innkvartering i høve Skiforbundet sine reservasjonar.
- 1 hovudleiar/ trenar
- Går i dialog med aktuelle føresette som kan stille i smøreapparat, samt samlar krinslaget til dialog om smøreopplegg til nasjonale renn.

Hovudlandsrennet:

- Adm. følgjer opp innkvartering i høve Skiforbundet sine reservasjonar.
- Støtteapparat består av 1 hovudleiar, samt støtteapparat som dekkar Skiforbundet sitt krav til felles smøreopplegg.

EVENTUELT SAK 64 23-25

Haustmøte NSF langrenn

Bakgrunn

Haustmøte til NSF langrenn vert gjennomført digitalt onsdag 16. oktober. Saklista med saksgrunnlag til haustmøte i NSF langrenn er sendt til langrennskomiteen 13. oktober.

VEDTAK



Langrennskomiteen drøfta saka i møtet
og gjer vedtak om at LK leiar tek med seg innspela til Haustmøte NSF
langrenn.

Neste møte i langrennskomiteen: Haustmøte 27. oktober, i Førde

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef